

Rosas buss

Det var 1. desember 1955. Eg tok bussen heim. Seta lengst framme i bussen var for dei kvite. På dei andre kunne vi svarte også sitje. Men berre om alle kvite hadde fått plass.

Nokre stoppestadar seinare steig Rosa inn på bussen. Ho var 42 år. Ho gjekk på ein verdig og fin måte. Ho var syerske. Ho sette seg ved sida av meg.

På neste stoppestad kom det på fire kvite. Straks brølte sjåføren at vi måtte reise oss for at dei kvite skulle få sitje. Eg lystra. Det same gjorde to svarte kvinner.

Rosa rørte seg ikkje.

Då sjåføren såg det, brølte han på nytt. «Alle negrar må gje plass til dei kvite!»

Rosa vart sitjande.

Sjåføren gjekk bak til Rosa: «Kva er dette? Er du døv i tillegg til at du er neger?»

Eg sa til Rosa: «Reis deg, elles endar dette gale.»

Ho såg på meg. Ho såg redsla mi. Den spinkle og bestemte kvinna berre såg på meg til eg kjende meg mindre enn ingenting.

«Reis deg!» ropte sjåføren.

«Nei,» sa kvinna roleg og såg han beint i auga.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 181.

Gjer oppgåvene 1, 3, 4, 6, 7 og 8.

verdig:
rolig og
korrekt

